



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	05.02.2026
Møtetid:	09:00 -18:15
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Ørjan Daae	medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Kariann Ekren	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Sigrun Haugsdal Reknes	Torill Torsvik Størkersen	H
Stian Sjøvik		SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 1/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 03.12.25	
PS 3/2026	Saldering budsjett 2026	
PS 4/2026	Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.	
PS 5/2026	1. gangs framlegg til reguleringsplan for Ynnesdalskrysset ved Hosteland	
PS 6/2026	Planprogram kommunedelplan for helse- omsorg og sosial i Masfjorden kommune	
PS 7/2026	Planprogram kommunedelplan for oppvekst	
PS 8/2026	Barnekoordinator - overgang til lokal løysing	
PS 9/2026	Søknad om stønad til arealutvikling av Masfjorden folkebibliotek	
PS 10/2026	Oppmoding om busetting av flyktingar 2026 - tilbakemelding	
PS 11/2026	Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i Masfjorden kommune	
PS 12/2026	KS Debattheft 2026 - Tid for taktskifte	
PS 13/2026	Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling / søknad om deltaking i KS prosjekt	
PS 14/2026	Referat- og orienteringssaker	
RS 1/2026	LVK Velkommen til Kvinner og kraft 2026	
RS 2/2026	Vedtak om tilskudd til kommunal veterinærvakt for 2026	
RS 3/2026	26/200-2 Høring av NOU 2026:1 En bærekraftig kommunesektor	
RS 4/2026	Høringsbrev	

- | | |
|------------|--|
| RS 5/2026 | Protokoll 4-2025 Regionrådet Nordhordland fredag
12. desember |
| RS 6/2026 | Saksliste Regionråd 1-2026, fredag 30. januar |
| PS 15/2026 | Oppfølging av rapport frå landbruksgruppe |

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 03.12.25

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 03.12.25:

Møteprotokoll frå formannskapet 03.12.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 3/2026 Saldering budsjett 2026

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg i møtet:

- siste setning i framlegg til vedtak frå rådmannen går ut

Framlegg til vedtak - minus siste setning - vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 3/2026 Saldering budsjett 2026:

Tilråding frå formannskapet:

Driftsbudsjett 2026 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2026 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 4/2026 Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 4/2026 Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.:

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner i medhald av Plan og bygningslova § 11-15 framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.

Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.01.26.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 5/2026 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Ynnesdalskrysset ved Hosteland

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 5/2026 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Ynnesdalskrysset ved Hosteland:

Vedtak frå formannskapet:

Framlegg til reguleringsplan for Ynnesdalskrysset ved Hosteland vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn.

Det vert vist til vedlagde plandokument.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 6/2026 Planprogram kommunedelplan for helse- omsorg og sosial i Masfjorden kommune

Helse- og oppvekstleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart tatt opp i møte ønskje om inkludere i planarbeidet:

- ambulansetenesta, helserapporten, legedekning og samarbeid med Gulen samt beredskap.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 6/2026 Planprogram kommunedelplan for helse- omsorg og sosial i Masfjorden kommune:

Vedtak frå formannskapet:

Med heimel i plan- og bygningslova §§4-1 vert det varsla oppstart av arbeid med ny kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Planprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 7/2026 Planprogram kommunedelplan for oppvekst

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Formannskapet bad om at følgjande moment må vere med i arbeidet med oppvekstplanen:

- samarbeid med Gulen kommune
- transportutfordringar
- tilgjengelegheit til idrettsanlegga ifm aktivitet i skuletida
- bruke oppvekstsenter som begrep

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 7/2026 Planprogram kommunedelplan for oppvekst:

Vedtak frå formannskapet:

Med heimel i plan- og bygningslova §§4-1 vert det varsla oppstart av arbeid med ny kommunedelplan for oppvekst. Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 8/2026 Barnekoordinator - overgang til lokal løysing

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka og svara på spørsmål

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 8/2026 Barnekoordinator - overgang til lokal løysing:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune seier opp avtalen om tenestekjøp barnekoordinator frå Fensfjorden PPT. Rolla som barnekoordinator vert fordelt mellom helsesjukepleiarane i kommunen. Koordinerande eining vil ha ei viktig rolle i dette arbeidet.

Rådmannen sitt forslag er å overføre utgiftene til lønn og styrking av helsesjukepleiarane.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 9/2026 Søknad om stønad til arealutvikling av Masfjorden folkebibliotek

Oppvekstleiar Wenche Daae møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 9/2026 Søknad om stønad til arealutvikling av Masfjorden folkebibliotek:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret stiller seg positive til søknaden, og vedtek at Masfjorden kommune dekker eigenandelen på 390 000 kroner. Finansiert med unytta fondsmidler innan kulturområdet/disp.fond drift.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 10/2026 Oppmoding om busetting av flyktingar 2026 - tilbakemelding

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) bad om at følgjande vart protokollert:

- Formannskapet ønska at det vart satt fokus på samarbeid mellom NAV og kommunen ifm oppfølging av flyktingar med sikte og få flest mulig ut i arbeid som målsettinga er. Det vart påpeikt at ukrainarane er ein ressurs som kan bidra blant anna til betre integrering av nye flyktingar som kjem. Det vart vist til Sveio og måten dei har løyst det på. Vidare vart det oppmoda om å sjå til det private bustadmarknaden for å sikre husvære til nye flyktingar. Formannskapet ytra og bekymring til oppfølging og kapasitet i skulane.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 10/2026 Oppmoding om busetting av flyktingar 2026 - tilbakemelding:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune melder frå til IMDI om at me kan ta i mot inntil 10 flyktingar etter kvart som kommunen får ledige bustader. Masfjorden kommune vil ikkje ta imot fleire flyktingar som er definert som einslege mindreårige med følgjeperson.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 11/2026 Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i Masfjorden kommune

Oppvekstleiar Wenche Daae møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 11/2026 Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i Masfjorden kommune:

Tilråding til kommunestyret:

Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i 10. klasse vert teke til orientering, og vert gjeldande frå skuleåret 2025/2026

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 12/2026 KS Debatthefte 2026 - Tid for taktskifte

Saka vart drøfta.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Kva må me gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

- Fortsetje det gode arbeidet med etablering av omsorgsbustader og omsorgsbustad+ i kommunen, for slik å gje innbyggjarane i kommunen moglegheit til å bu sjølvstendig lengst mogleg.
- Fortsette arbeidet med innføring av velferdsteknologi, av same grunn som i punktet over.
- I større grad oppfordra ufaglærte til å ta utdanning, og leggje til rette for dette gjennom ulike ordningar.
- Synkande barnetal og auka tal eldre. Arbeide med ein forventningsavklaring om at tilsette kanskje må bytte arbeidsplass eller sektor dersom behovet endrar seg.
- Tenkje «nytt». Kan ein få tilbake ein tankegang der generasjonsbustad er tilbake, og ein slik kan nytta seg av familien. (eldre bur heime lenger, barn får nærheit til besteforeldre osv osv)

2. Korleis kan me i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?

- Me blir stadig eldre, noko som gjer at folk flest kan stå i arbeid lenger. Dei som no er i tidleg pensjonsalder er ofte friske og har god kapasitet. Skape gode ordningar som gjer at dei er villige til å stå i arbeid lenger.
- Ta vare på pensjonistane! Dei sit med god kunnskap, mykje erfaring og mange er villige til å bidra vidare – hadde det ikkje vore for elendig pensjonistlønn. I tillegg er det slik at dersom ein er inne å jobbar ekstra som pensjonist, vil dei ikkje få same ordningane og godar som dei fast tilsette.
- Frivillige. I vår kommune er det eit stort frivillig miljø. Kan me organisera oss på ein god måte i samarbeid med frivillige?
- Moglegheit for kommunalt tilsette å ta ekstravakter i andre sektorar. Til dømes vil det kunne vera attraktivt for tilsette på kontor eller i oppvekst å ta ei ekstra helg eller ettermiddagsvakt i helse. Om dette skal fungere må ein lage ei ordning som gjer rett på overtidsbetaling på lik linje med dei som arbeider i helse, utan krav om å ta ut avpassering som betaling.

3. Kva må me prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å auke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- Drive aktivt informasjonsarbeid, både for å rusta innbyggjarane men og for å trygge dei og oppretthalde tillit.
- Sikre aggregat på butikkane – då kan butikkane vere til dels operative, kjøle- og frysevarer vil kunne bevarast, og samstundes vil butikkane då kunne fungere som møteplass i tilfelle krise og behov for felles informasjon (gjennom til dømes informasjonstavler)
- Inngå eit samarbeid med dei lokale butikkane om at varene deira inngår i kommunen sitt beredskapslager til institusjonar. Slik kan me sikre at institusjonar og brukarar av heimetenesta har gode beredskapslager tilgjengeleg.
- I større grad knytte frivillige lag og organisasjonar opp mot beredskapsarbeidet, gjerne med frivilligkoordinator som knutepunkt.
- Fleire beredskapsøvingar, både lokalt men også i samarbeid med nabokommunar, interkommunale samarbeid og Statsforvaltar.

Formannskapet gav rådmannen fullmakt til å arbeide inn moment frå saksutgreiing i framlegg til vedtak frå H fram mot kommunestyremøtet.

Det vart jobba fram følgjande protokolltilførsel:

- Kommunestyret vert oppfordra til å komme med gode innspel.

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 12/2026 KS Debatthefte 2026 - Tid for taktskifte:

Tilråding frå formannskapet:

1. Kva må me gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

- Fortsetje det gode arbeidet med etablering av omsorgsbustader og omsorgsbustad+ i kommunen, for slik å gje innbyggjarane i kommunen moglegheit til å bu sjølvstendig lengst mogleg.
- Fortsette arbeidet med innføring av velferdsteknologi, av same grunn som i punktet over.

- I større grad oppfordra ufaglærte til å ta utdanning, og leggje til rette for dette gjennom ulike ordningar.
- Synkende barnetal og auka tal eldre. Arbeide med ein forventningsavklaring om at tilsette kanskje må bytte arbeidsplass eller sektor dersom behovet endrar seg.
- Tenkje «nytt». Kan ein få tilbake ein tankegang der generasjonsbustad er tilbake, og ein slik kan nytta seg av familien. (eldre bur heime lenger, barn får nærheit til besteforeldre osv osv)

2. Korleis kan me i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?

- Me blir stadig eldre, noko som gjer at folk flest kan stå i arbeid lenger. Dei som no er i tidleg pensjonsalder er ofte friske og har god kapasitet. Skape gode ordningar som gjer at dei er villige til å stå i arbeid lenger.
- Ta vare på pensjonistane! Dei sit med god kunnskap, mykje erfaring og mange er villige til å bidra vidare – hadde det ikkje vore for elendig pensjonistlønn. I tillegg er det slik at dersom ein er inne å jobbar ekstra som pensjonist, vil dei ikkje få same ordningane og godar som dei fast tilsette.
- Frivillige. I vår kommune er det eit stort frivillig miljø. Kan me organisera oss på ein god måte i samarbeid med frivillige?
- Moglegheit for kommunalt tilsette å ta ekstravakter i andre sektorar. Til dømes vil det kunne vera attraktivt for tilsette på kontor eller i oppvekst å ta ei ekstra helg eller ettermiddagsvakt i helse. Om dette skal fungere må ein lage ei ordning som gjer rett på overtidsbetaling på lik linje med dei som arbeider i helse, utan krav om å ta ut avpassering som betaling.

3. Kva må me prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å auke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- Drive aktivt informasjonsarbeid, både for å rusta innbyggjarane men og for å trygge dei og oppretthalde tillit.
- Sikre aggregat på butikkane – då kan butikkane vere til dels operative, kjøle- og frysevarer vil kunne bevarast, og samstundes vil butikkane då kunne fungere som møteplass i tilfelle krise og behov for felles informasjon (gjennom til dømes informasjonstavler)
- Inngå eit samarbeid med dei lokale butikkane om at varene deira inngår i kommunen sitt beredskapslager til institusjonar. Slik kan me sikre at institusjonar og brukarar av heimetenesta har gode beredskapslager tilgjengeleg.
- I større grad knytte frivillige lag og organisasjonar opp mot beredskapsarbeidet, gjerne med frivilligkoordinator som knutepunkt.

- Fleire beredskapsøvingar, både lokalt men også i samarbeid med nabokommunar, interkommunale samarbeid og Statsforvaltar.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 13/2026 Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling / søknad om deltaking i KS prosjekt

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtek.

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 13/2026 Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling / søknad om deltaking i KS prosjekt:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune søker opptak til KS prosjektet utviklingsnettverk for berekraftig omstilling

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 14/2026 Referat- og orienteringssaker

Det vart møte i styringsgruppa (= formannskapet) for samfunnsplanen kl 9-12:30, innspel vert innarbeidd i sak, som kjem til handsaming i formannskap og kommunestyret i april 2026.

Referatsaker:

- LVK / Velkommen til Kvinner og kraft 2026
- Vedtak for tilskudd til kommunal veterinærvakt for 2026
- 26/200-2 Høring av NOU 2026:1 En bærekraftig kommunesektor
- Høringsbrev
- Protokoll 4-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 12. desember
- Saksliste Regionråd 1-2026, fredag 30.januar

Orientering frå Rådmannen

- helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset orienterte om vikarbruken i helse- og omsorg
- oppvekstleiar Wenche Daae orienterte om skuleskyssordninga og transportkostnader knytt til denne ordninga
- rådmannen orienterte om komande sak - Utviding av IKTNH med tre nye deltakarkommunar - og spurte om saka skulle vente til april eller om ho skulle takast direkte i kommunestyret.
 - formannskapet samla seg om at denne saka kunne takast i april
- rådmannen orienterte om innkomen søknad - Søknad om støtte til Kvingo Sogelag sitt bokprosjekt. -
 - formannskapet samla seg om å løyve kr 30 000,- til prosjektet
- rådmannen orienterte om prosjekt felles løns- og rekneskapskontor

Vedtak frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 14/2026 Referat- og orienteringssaker:
Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.02.2026 av sak 15/2026 Oppfølging av rapport frå landbruksgruppe

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande justert framlegg til vedtak:

- Kommunestyret tek dei administrative tilrådingane slik dei er formulert under kvart tema/avsnitt i saksframlegget til orientering.
- Kommunestyret ber om:
 - at det kjem sak der det vert utarbeida retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedommar.

Framlegg til justert vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 05.02.2026 av sak 15/2026 Oppfølging av rapport frå landbruksgruppe:

Tilråding frå formannskapet:

- Kommunestyret tek dei administrative tilrådingane slik dei er formulert under kvart tema/avsnitt i saksframlegget til orientering.
- Kommunestyret ber om:
 - at det kjem sak der det vert utarbeida retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedommar.